

Referat: Villrein fjellet som verdiskaper

- Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell. Referat for møte i styringsgruppa 21. – 22. november 2019. Fidjeland i Sirdal.

Til stade frå styringsgruppa: Bjørn Laugaland, Signe Sollien Haugå, Tor Arne Eiken, Ørnulf Haraldstad
Forfall: Åshild Hus, Margit Smeland og Ola Olsbu.

Til stade frå arbeidsgruppene: Øystein Kristensen, Guro Sødregren, Alf Odden og Jørn Haug.
Andre: Tuva Flor Lien 1. økt dag 2 (via skype).

DAG 1

1. Aktiviteten i arbeidsgruppene 2019 og planar for 2020

Leiarane for dei fire arbeidsgruppene presenterte gjennomførte tiltak i 2019 og planar for 2020.
Sjå vedlegg 1 - 4

2. Status for økonomi – rekneskap 2019 og budsjettforslag 2020

Jørn Haug gjekk igjennom rekneskapstala for 2019 (status pr. 14.11.2019). Rekneskapen godkjend av styringsgruppa. I tillegg vart det lagt fram oversyn på:

- Øvrige forventa inntekter for 2019
- Løyvingar og utgifter som førebels ikkje er betalt ut
- Forventa disponibelt beløp pr. 1.1.2020

Kvar arbeidsgruppe gjekk igjennom budsjettforslag for si gruppe for 2020. Merknadar frå styringsgruppa:

- Bør auke nokre av kostnadane i alle dei fire arbeidsgruppene slik at det har eit godt handlingsrom for dei planlagte aktivitetane. Budsjetta treng ikkje vera så detaljerte som det det er lagt opp til.
- Med budsjettforslaget som vart presentert vil vil det uansett vera mykje midlar att ved utgangen av 2020. Styringsgruppa hadde følgjande innspel til bruk av midlar:
 - Må få dei to leirskulene på banen og sjå kva ein kan få til der. Også aktuelt å gå ut med ei form for utlysing av midlar til private aktørar som driv ulike formar for formidling knytt til villrein og villrein fjell
 - Portal mv. som gir oversyn over kva ein kan oppleve i våre heiområde?
 - Bruk av film for å synleggjere kva vi driv med i prosjektet
 - Kan vi tilby/koste fleire GIS-tenester som kommunane treng i sitt sti- og løypeplanarbeid?

Oversyn økonomi presentert i møtet ligg som vedlegg 5

Konklusjon i styringsgruppa: revidert budsjett vert lagt fram for styringsgruppa i møte over nyttår. Det bør ikkje budsjetterast med pengar att i prosjektet ved utgangen av 2020. Alternativt må budsjettet også syne plan for bruk av midlar i 2021 gjeven prosjektet får behalde pengane.

2. Villreinsertifikatet

Styringsgruppa fikk prøve seg på førebels utgåva av villreinsertifikatet. Må vera ein plan for korleis, kven og kor dette skal nyttast når den digitale versjonen er oppe og går. Skal det kunne takast av «alle» eller skal ein gjere det meir eksklusivt og der det må vera del av ei større pakke?

Konklusjon i styringsgruppa: Arbeidsgruppe 2 (Guro) dreg dette vidare og legg fram ein plan i neste styremøte.

DAG 2

3. Når vi målsettinga i prosjektet? Korleis bør vi konsentrere innsatsen i 2021 gjeven at det er pengar att i prosjektet?

Gjennomgåande er vi på god veg i høve til dei målsettingene som er definert i prosjektbeskrivinga (vedlegg 6). Noko å ta med seg:

- Kan vi få enda fleire komunar til å lage sti- og løypeplanar? Så langt er fire kommunar i arbeid med støtte frå prosjektet. Nokre kommunar har også laga slike planar frå før.
- Vidareutvikling av Heiplansamlinga er del av prosjektbeskrivinga (arbeidsgruppe 2). Bør satse på denne i høve til å bygge opp under eksisterande møteplassar i staden for å lage nye.
- Villreinen og kulturarven (arbeidsgruppe 3). Korleis kan gruppa få synleggjort dei muligheitane som ligg i formidling av kulturminne i ein komersiell samanheng?
- Adaptiv løypeforvaltning (arbeidsgruppe 4). Må avklare med Bykle kommune ansvar og kostandsfordeling etter prosjektperioden.
- Digital formidling av kulturminne ved bruk av appen Hidden. Styringsgruppa testar ut. Aktuelt å bli superbrukar på denne for å kunne legge inn eget materiale.

4. Korleis jobbar Norsk villriensenter sør (NVS) med formidling? Planar framover v/Tuva Flor Lien

Sjå presentasjon som ligg ved.

Styringsgruppa støtter tankane frå NVS om oppbygging av ein plattform for digital formidling, og ønskjer å støtte opp under arbeidet.

5. Utstillingsplanane på Sirdal fjellmuseum

Gruppa fekk ein omvisning på museet av Magnar Undheim og Ingvil Fagerheim. Forprosjekt på gong for ei ny utstilling. Styringsgruppa har tidlegare løyva kr. 400 000 til å få utstillinga på plass. Guro sitt i gruppa som jobbar med forprosjektet.

Jørn Haug, referent